

Forklaringar til utkast til plankart og føresegner

Veg

Vegformålet omfattar både vegbane, skjæring/fylling og grøfter. For å gi litt fleksibilitet, går føremålet to m utanom berekna kant av skjæring/fylling. V1 er minimum 10 m brei og V2 og V3 er 8 m.

Byggeområde for fritidsbustader

Utkastet til plan er i samsvar med overordna plan, arealdelen til kommuneplanen, både når det gjeld tal einingar og føresegner. Arealdelen legg ikkje til rette for auke i tal einingar ved at eksisterande ubebygde tomter kan bebyggast.

Mange av hytte-eigedomane er svært store, det blir ikkje i samsvar med gjeldande politikk å regulere så store tomter til byggeområde for hytter. Vi foreslår difor å regulere det som er aktuelt å plassere bygg på. Restarealet blir LNFR, men ein reguleringsplan endrar ikkje grunneigarforholda.

Litt om dei ulike eigedomane:

- 43/95 (Tomt 1): Er ikkje målt, men bør vere med i planen likevel. Grensepunkta er angitt i kartet frå jordskifteretten, der ser det ut som uthuset ligg på feil eigedom. Planen bør legge til rette for å ordne opp i det ved at grensa kan endrast
- 43/94 (Tomt 2): Byggegrense slik at bygg ikkje kan etablerast nærare kollen i vest enn i dag.
- 43/109 og del av 118 (Tomt 3): Dette er ei eining der hovudhytta er plassert på bnr. 109 og uthusa på bnr. 118. Planenutkastet legg til rette for at grensa kan endrast. Byggegrense slik at bygg ikkje kan etablerast nærare kollen enn i dag. Planforslaget omfattar ikkje resten av 118, dvs legg ikkje til rette for etablering av hytte der
- 43/117: Ubebygd. Ikkje omfatta
- 43/121 (Tomt 4): Stor eigedom. Sørre delen er ikkje omfatta
- 43/120 (Tomt 5): Stor eigedom. Sørre delen og nordvestre hjørne er ikkje omfatta
- 43/119 (Tomt 6): Stor eigedom. Sørre og nørre delen er ikkje omfatta
- 43/124 (Tomt 7): Stor eigedom. Sørre og nørre delen er ikkje omfatta. Planen legg heller ikkje til rette for etablering av bygg nærare vatnet enn i dag, jf arealdelen.

Planområdeavgrensing

Områdeavgrensinga er sett vidare enn det konkrete planutkastet. Dette for å gi fleksibilitet for å kunne innarbeide eventuelle nye innspel utan å måtte varsle oppstart på nytt.